

# Smittesaneringsprosjektet

## FRISKERE GEITER



### Saneringsnytt nr 2-2005

#### **Interesse for prosjektet**

57 produsentar har til no skrive kontrakt med prosjektet. Dette året er 27 nye buskapar komne med. 51 produsentar er med i kontrollprogram for CAE. Det betyr at dei tek prøver regelmessig. Det er 31 nye som har vist interesse for sanering i 2006. Dette talet vil truleg auke ein god del. For tida er det mange som tek kontakt med prosjektet for å høyre om dei kan bli med, eller for å få meir informasjon.

50 veterinærar er knytt til prosjektet og av dei har 41 skrive kontrakt. Det betyr at vi har god veterinærdekning så langt i prosessen.

Prosjektet har altså auka mykje i omfang siste halve året, og neste år vil vi ha mange CAE-sanerte buskapar.

#### **Tankmjølktesting for CAE-antistoff**

Den siste tankmjølktestinga syner at det no er 74 CAE-negative buskapar. Talet viser at det i år er 14 fleire som har blitt CAE-negative på tankmjølk enn det var i fjor, så det går rette vegen. Det vil ikkje bli sendt ut svar på desse prøvene, for dei nye som har fått negative prøver no har alle sanert, og dei kjenner resultatet frå blodprøvene. Dei som ikkje har sanert og var positive før, er framleis positive. Vi trur at dette kan bli ein god måte å overvake mjølkebuskapar på i framtida.

#### **Påvisning av CAE-antistoff i dyr i sanert buskap**

Det var litt bekymring for ein buskap i fjor haust, då det dukka opp mange CAE-positive dyr ei god stund etter at saneringa var gjennomført. Dei CAE-positive dyra vart slakta, og på to prøveomgangar etterpå er det berre eitt dyr som har vore nær grenseverdien. Det kan sjå ut som denne buskapen har situasjonen under kontroll no.

#### **Problem i snappesesongen i år**

Alt går ikkje utan problem av ulikt slag. Nokre buskapar har i vår hatt noko sjukdom på dei snappa kjea. Prosjektet har fylgt spesielt opp eit par slike buskapar. Årsaka til problema er nokolunde like, og skuldast truleg uheldige forhold med fôr og fôring. Ikkje alle har hatt like store problem, men vi må setja inn meir ressursar her i det vidare arbeidet. Prosjektet må bli flinkare til å førebu nye deltakarar på at det er krevjande å fôra opp heile geiteflokken på eitt år. Dette må planleggjast godt.

Noko av dette arbeidet går ut på å skaffe nok råmjølk av ku, no når så mange nye skal sanere. I Nord-Noreg og i TINE Sør sitt område er dei komne i gang med dette. Sjå elles det Trond Pettersen skriv her.

Det har også vore ein del akutte mastittar, særleg rundt kjeing. Vi har kontakt med mastittespertar på Veterinærinstituttet. Dei vil koma tilbake med forslag om korleis vi skal fylgje opp dette.

Det er ein svært stor arbeidsinnsats som ligg bak ein sanert buskap. Det er i geitefjøsa dei viktige tinga skjer, og det er utruleg stort pågangsmot som blir framvist, sjølv om ikkje alt går like lett heile tida. Det er trua på at resultatet skal bli bra som held dette gåande, og resultatata ein ser i dei sanerte flokkane er gode bevis for at det løner seg å halde på.

#### **Aktiviteten i Nord-Norge i vinter og vår**

Det er no til saman 21 produsentar i landsdelen (2 i Nordland og 19 Troms) som har teikna kontrakt med prosjektet. Etter at eg 1. feb. vart engasjert av prosjektet, har eg brukt myke tid på å gjere meg kjent i geiteområda. I samarbeid med TINE har det vore halde til saman 11 orienteringsmøte rundt om. I tillegg har landbrukskontoret i Balsfjord teke initiativ til eit møte. Jamt over har det vore bra oppslutning om møta og stor interesse for temaet med

engasjerte deltakarar. I nokre få område kunne ein likevel ønskt seg litt større oppslutning. Dei som har snappa i år har stort sett lukkast bra med dette, men talet på geitekje har hos mange blitt for knapt, noko som har ført til at dei fleste i tillegg har måtte kjøpe livdyr frå flokkar som har testa negativt på sjukdommane. Hos enkelte er kje gått tapt på grunn av uheldig tillaging og tildeling av mjølkeerstatning, og nokre er tapt p.g.a andre sjukdomsproblem.

Tilbakemeldinga etter møta tyder på at mange ligg i startgropa og planlegg å vere med frå neste kjeingsesong. Meld frå til lokal veterinær eller TINE-rådgjevar når de er klare til å starte arbeidet.

*Trond P*

### **Råmjølkformidling**

I nokre område i Nord-Norge kan det vere vanskeleg å få tak i råmjølk frå ku når ein treng det, spesielt i områda med konsentrert kalvingssesong om hausten. For å bøte på dette har produsentrådgjevarane i TINE teke på seg å hjelpe til med å skaffe til veie råmjølk til dei som treng. Prosjektet vil saman med dei med det første vende oss til kumjølkeprodusentane med spørsmål om dei vil ta vare på og fryse ned råmjølk til oss. For at vi skal ha ei forstilling om kor mykje som trengst, ber vi om at alle dei som reknar med å gå inn i prosjektet i neste inneføringssesong melder frå om dette så snart som råd.

*Trond P*

### **Semin 2005**

Forsøk i 2004 med 400 millionar sædceller pr innlegg gav ca 55 % tilslag. Dette er ikkje dårleg. Men det var ganske stor skilnad mellom bukkane. Det er også stor skilnad mellom buskpar. Heiko Paulenz frå Team Semin har her skissert eit opplegg som vil bli prøvd i år.

#### ***”Forsøk geit 2005***

*Formål: Tidligere forsøk har vist at det finnes store forskjeller når det gjelder fruktbarheten til de forskjellige bukkene, og vil derfor finne metoder for å luke bort de dårligste.*

*Gjennomføring: Det produseres like mange sæddoser fra alle de 20 bukker som skal på stasjonen og som er villige til å gi sæd. Det er realistisk å anta at det vil være mulig å få sæd fra mellom 10 - 12 bukker. Alle bukker skal brukes i omtrent like stor omfang i alle besetninger, siden vi vet at besetningen har en effekt. Vi bruker kun besetninger som har vært med i forsøk før.”*

Når det gjeld bruk av bukkar og oppstalling, har vi fått ei orientering av Ingunn Nævdal.

*”Produksjon av bukkesæd blir på Hallsteingård. Bukkene skal inn til 20. juli og produksjonen starter 1. august. På grunn av ferien er det ikke mulig å få dette til tidligere. Fungerer bukkene bra, vil det være mye sæd til utsending 20. august. Med 20 bukker kan det produseres 1000 doser i uken. Det må selvfølgelig tas med i betraktning at det kan være bukker som ikke fungerer. Som tidligere skal sæden sendes til Store Ree for lagring og utsending. Det tas sikte på at bukkene fraktes til den nye stasjonen på Stange etter endt sæduttak.”*

#### ***Forslag til semintilbud i prosjektet i år.***

1. De som har sein paring og har deltatt seriøst i forsøk tidligere får tilbud om å delta i årets forsøk (gratis doser og utstyr).
2. De som er i områder hvor det er inseminører får tilbud om lagersæd. Hvor mange doser det blir tilbud om pr. besetning er ikke klart ennå.
3. De som ikke bor i områder hvor det er tilgang på inseminør, og ikke har deltatt i forsøk tidligere, får dessverre ikke benytte semin i år.